



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 13.11.2018  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen, permisjon kl. 16.05	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume, permisjon kl. 16.25	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Inger Lise Kaldhol	Kommuneoverlege OS 160/18
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef OS 161/18

## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
<b>PS 166/18</b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
<b>PS 167/18</b>	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
<b>OS 160/18</b>	<b>Orientering kommuneoverlegen - Ambulansestasjon og</b>



## VOLDA KOMMUNE

### legevaktstatus og vegen vidare

- OS 167/18**      **Høgskulen i Volda - Innføring av betalingsparkering på høgskuleområdet**
- PS 168/18**      **Plan ID 2012008-01 Reguleringsplan Øvre Rotset Næringsområde. Mindre endring etter avtale om grunnkjøp/skjønn. gnr 30 bnr 4.**
- PS 169/18**      **Orienteringssaker**
- OS 162/18**      **Kino og kulturhus - Rapport og teikningar**
- OS 163/18**      **Ungdomsklubben - føretrekt lokalisering**
- OS 164/18**      **NAV Møre og Romsdal - Pressemelding arbeidsmarkedet Møre og Romsdal oktober 2018**
- OS 161/18**      **Arbeidsmøte - Årsbudsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022 - Administrativt framlegg dater 08.11.18**
- PS 170/18**      **Referatsaker**
- RS 5/18**         **Sande kommune - Uttale til E39, Voldatunnelen - Finansiering**
- OS 165/18**      **Regulering av festeavgift Uppheimstomta, gbr 19/433**
- OS 166/18**      **Klimaskjerm Ivar Aasenbygget - anke i sak**

### **PS 166/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

Innkalling:

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Gunnar Strøm viste til vedtak, frå Mattilsynet, om tvangsmulkt etter tilsyn ved Volda vassverk, og bad rådmannen om grunngjeving for dette. Rådmannen informerte om manglande kapasitet ved teknisk sektor, og at sektoren vil følgje opp saka.

Rådmannen vil, i samband med handsaming av OS 161/18, ta opp fylkeskommunen si deltaking i Volda Campus Arena.



## VOLDA KOMMUNE

Studentar frå Høgskulen i Volda ynskjer å filme neste formannskapsmøte, formannskapet stilte seg positive til dette.

Ordføraren kom med ei påminning om Arena Sunnmøre 2018, og oppmoda formannskapet om å melde seg på arrangementet.

Odd A. Folkestad viste til tidlegare semje om politisk deltaking i oppstart av reguleringsplanar, og reiste spørsmål om korleis kommunen praktiserar dette. Rådmannen vil ta saka vidare til planavdelinga.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg og merknader frå Gunnar Strøm, rådmannen, ordføraren og Odd A. Folkestad, vart samrøystes godkjent.

### **PS 167/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

Dan Helge Bjørneset hadde følgjande merknad til protokollen, sak PS 156/18:

*Dan Helge Bjørneset ber om ei orientering om kommunen si rolle i sal av sanitetshuset.*

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om arbeidet med oppfølging av formulering av vedtak til kommunestyret i sak PS 160/18. Ordføraren vil følge opp saka.

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte den 30.10.2018 vart godkjent, med merknad frå Dan Helge Bjørneset og Odd A. Folkestad.

### **OS 160/18 Orientering kommuneoverlegen - Ambulansestasjon og legevaktstatus og vegen vidare**

Kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol orienterte om legevaktstenesta og lokalisering av ny ambulansestasjon.

### **OS 167/18 Høgskulen i Volda - Innføring av betalingsparkering på høgskuleområdet**

Direktør ved Høgskulen i Volda, Karen Lomeland Jacobsen, orienterte om arbeidet med innføring av betalingsparkering på høgskuleområdet. Kommunestyret vil få saka til handsaming.



## VOLDA KOMMUNE

**PS 168/18 Plan ID 2012008-01 Reguleringsplan Øvre Rotset Næringsområde. Mindre endring etter avtale om grunnkjøp/skjønn. gnr 30 bnr 4.**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Reguleringsendring for Øvre Rotset næringsområde slik det går fram av endra plankart datert 19.10.2018, jf planbase Øvre Rotset næringsområde-justert plan, vert godkjent med heimel i Plan og bygningslova §12-14.*

**Handsaming:**

**Røysting** (åtte røysteføre):

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i formannskapet - 13.11.2018:**

*Reguleringsendring for Øvre Rotset næringsområde slik det går fram av endra plankart datert 19.10.2018, jf planbase Øvre Rotset næringsområde-justert plan, vert godkjent med heimel i Plan og bygningslova §12-14.*

**PS 169/18 Orienteringssaker**

**OS 162/18 Kino og kulturhus - Rapport og teikningar**

Rådmannen informerte om status for saka.

Formannskapet drøfta saka og var samde om å gi ei stor takk til gruppa som har arbeidd med nytt kulturhus og kino.

**OS 163/18 Ungdomsklubben - føretrakt lokalisering**

**OS 164/18 NAV Møre og Romsdal - Pressemelding arbeidsmarkedet Møre og Romsdal oktober 2018**

**OS 161/18 Arbeidsmøte - Årsbudsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022 - Administrativt framlegg dater 08.11.18**

Økonomisjef Kari Mette Sundgot møtte og svara på spørsmål frå formannskapet.

Formannskapet bladde gjennom budsjettdokumentet, og kom med spørsmål til administrasjonen.

Sølvi Dimmen fekk permisjon kl. 16:05.



## VOLDA KOMMUNE

Det var 7 røysteføre.

Anders Egil Straume fekk permisjon kl. 16:25.

Det var 6 røysteføre.

### **PS 170/18 Referatsaker**

#### **RS 5/18 Sande kommune - Uttale til E39, Voldatunnelen – Finansiering**

#### **OS 165/18 Regulering av festeavgift Uppheimstomta, gbr 19/433**

Rådmannen informerte om regulering av festeavgift for Uppheimstomta. Formannskapet vil få saka til orientering i neste møte.

#### **OS 166/18 Klimaskjerm Ivar Aasenbygget - anke i sak**

Rådmannen viste til anke frå Prosjektbygg As, i saka om klimaskjerm Ivar Aasenuset ved Høgskulen i Volda, og informerte om at saka skal til ny handsaming i veke 47.

Møtet slutt kl. 16:35

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
14.11.2018

Sonja Håvik  
førstekonsulent